



*Til alle folk i heile
verda: Gå saman
og vinn over dei
amerikanske
aggressorane med
alle sine
fylgjesveinar. Ver
modige, våg å
kjempa trass i
vanskane, rykk
fram på rad og
rekkje. Då kjem
heile verda til å
tilhøyra folket.
Udyr av alle slag
skal øydst.*

Mao Tse-Tung, 1964,
med støtte til folket i
Kongo mot den
amerikanske
aggresjonen.

INGENTING KJEM AV SEG SJØLV!



NKS

Noregs kommunistiske studentforbund – www.uio.no/kjellar/

Monopolkapital og motstand

Slutten av det 20. hundreåret markerte framveksten av éi aggressiv og militant supermakt i verda, USA. Denne supermakta står no i brodden for monopolkapitalismen og gjennom bombing, felttog og utpressing dikterer USA verdshegemoniet sitt mot alle folk i verda. Terroråtaket 11. september 2001 har vorte eit påskot til å slå ned på folk som strir for fridom og frigjering, og innskrenkingane i menneskerettar og yringsfridom som har fylgt i kjølvatnet, viser at staten og borgarskapet kastar vrak på det borgarlege demokratiet når dei kjenner seg truga. Aggresjonen til USA avlar likevel motstand, og både i Vesten og den 3. verda reiser det seg no rørsler i protest. Imperialistane er papirtigrar, for før eller seinare bukkar dei under for folkemassane som hatar undertrykking og utbyting. Motsetnadene mellom USA og utfordrarar som EU, Russland, India, Japan og Kina vil etter kvart koma til syne oftare og oftare. Det palestinske opprøret mot sionismen og den israelske okkupasjonen, det mislukka kuppet i Venezuela, massemønstringane mot regjeringane i Argentina og geriljakrigane som pågår i Peru, Colombia, Nepal og Filippinane er klåre vitnemål om at USA ikkje maktar å halda full kontroll over imperiet sitt.

I Vesten framstår det fleire og

fleire grupper som tek til motmøle mot den amerikanske aggresjonen og dei ulike utslaga av offensiven til monopolkapitalismen. Streikeviljen mellom norske arbeidstakarar aukar, protestane mot den stramme kommuneøkonomien strøymer inn, og A/S-ificeringa av den statlege tenestesektoren manglar fullstendig folkeleg forankring. Det norske folket sa



for andre gong nei til å vera med på unionsbygginga til det europeiske superborgarskapet i 1994, og berre med eit naudskrik vart utvidinga av EØS-avtala godkjend i 1998. Den nye organisasjonen ATTAC samlar anti-kapitalistar på tvers av landegrensene, men mangel på analyse av staten og

det nasjonale spørsmålet har førebels gjort han heller tannlaus.

Strukturrasjonalisering av høgre utdanning

Konsekvensane av det styrkte grepet til monopolkapitalen når òg fram til norske studentar. Krava til effektiv studieprogresjon, avlagde eksamenar og nedkorta studielengd peikar fram mot eit straumlineforma og einsidig arbeidskraft-leverande universitet. Den relative fridomen studentane har hatt til å leggja opp studia sine sjølve, minkar, og sparekniven gjer store innhogg på studiesida til skade for mindre fag. Fagleg tilsette vert nedlessa i økonomi-


arbeid for å få støtte frå det private næringslivet til forskinga si, og studentar og lærarar let harmen sin gå utover kvarandre. Dette er splitt- og hersk-tanken til imperialismen i sitt nøtteskal. Staten, som heller syltar skattepengane våre ned i utlandet for å finansiera militære røvertokt i den 3.verda, slepp unna ansvaret for den forverringa av studie-situasjonen som no oppstår. Det såkalla klassekompromisset som gav visse gode og velferdstenester for arbeidsfolk i Noreg, er no sagt opp. Det borgarlege diktaturet som løyner seg bak ei demokratisk forkledning, stig fram i meir open form gradvis.

Vel side i kampen

Arbeidarar i Noreg, i allianse med fiskarar, bønder og småborgarar av ymse slag som tek eit progressivt standpunkt, kan oppnå delsigarar og visse betre rettar innanfor kapitalismen. Studentar må organisera seg og kjempa for sine


interesser, og velja side for proletariatet og forbundsfellane av det her heime og undertrykte folk ute i verda. Nokon avgjerande siger i kampen kan me likevel ikkje oppnå før den sosialistiske revolusjonen som lyfter arbeidar-klassa til makta. Berre med proletardiktaturet kan me vinna trygge levekår, full sysselsetjing, fornuftig ressursutnytting og ny vekst i produktivkreftene.

Dei kommunistiske studentane
Noregs Kommunistiske Studentforbund (NKS) har bakgrunnen sin i den norske ml-rørsla i 1970-åra, og me fører vidare marxismen-leninismen og tilpassar han til den norske røyndomen. Medlemene våre er aktive på ei rad politiske felt, i solidaritetsfrontar, Raud Valallianse, målrørsla, Ungdom mot EU og Studentar mot EU, kvinneorganisasjonane m.m. I tillegg studerar me den kommunistiske teorien og den sosialistiske historia og skipar til studiesirkklar.



Sigrar og tap i det 20. hundreåret

To gonger på 1900-talet har folk brote ut frå imperialismen og starta sosialistisk oppbygging, Russland i 1917 og Kina i 1949. Desse revolusjonane var til enorm inspirasjon for andre folk i verda. Utan Sovjets innsats under 2. verdskrigen er det liten tvil om at Nazi-Tyskland hadde vunne, og utan det kinesiske føredømet ville den vestlege kolonialismen overlevd endå lenger. Eksistensen av sosialismen gjorde òg framveksten av velferdsstaten mogeleg. Likevel måtte sosialismen i Sovjet og Kina til slutt gje tapt for kontrarevolusjonære krefter, og statskapitalismen tok over. Sovjet og austblokklanda som gjekk til grunne i 1989-91, var reaksjonære diktatur som pynta seg med raud frakk, slik Kina enno gjer det. Men kapitalismen er framleis svanger med sin banemann sosialismen, og ein stad i verda der den imperialistiske lenkja er veikast, vil nye sosialistiske statar oppstå. NKS kjempar for at norske studentar skal velja rett side i striden i dag – og i morgon.



Sovjets kamp mot nazismen: Sovjet er eit godt døme på sosialismen sine sigrar, men òg på korleis han gjekk tapt i tida frå femtitalet til nittitalet.

Organiser deg for teoretisk skulering og politisk praksis! Meld deg inn i den einaste kommunistiske studentorganisasjonen ved norske universitet og høgskular!

Ja, eg vil gå på studering i marxisme []

Eg vil ha meir informasjon om NKS []

Namn: _____

Adresse: _____

Postnr/-stad: _____

Tlf: _____

E-post: _____

Slippen sendast til **NKS, Pb 21, 0616 OSLO**, eller som e-post til ksanks@online.no